

BEREKNING AV ARBEIDSOMFANG OG PENSUM PÅ EMNENIVÅ

- **Arbeidsomfang**

I den lovpålagte kontrakten mellom student og Universitetet i Bergen som studentane møter i StudentWeb, Utdanningsplan del 1, stadfestar studentane å vere kjende med følgjande:

«Ein ventar av ein heiltidsstudent ved Universitetet i Bergen at han/ho arbeider om lag 40 timar per veke med fagstudium».

Studieåret (undervisningsåret) ved UiB er på til saman 40 veker (19 veker haust og 21 veker vår) = 1600 timar <http://link.uib.no/?F6S>

1600 timars arbeid skal resultere i 60 studiepoeng for ein fulltidsstudent. For eit emne på 15 studiepoeng utgjer dette 400 arbeidstimar.

1 studiepoeng = 1 ECTS credit = 26,7 arbeidstimar. Dette gjeld alle tre syklusane (bachelor, master og ph.d)

- **Arbeidsomfang per emne**

Arbeidet startar med læringsutbyteskildringa. Deretter vel ein kva for undervisningsmetode og vurderingsform som høver best for å oppnå læringsutbytet på emnet.

Viktige moment elles i vurderinga av arbeidsomfang per emne er fagets eigenart, vanskegrad (bachelor, master eller ph.d) og krav om forkunnskapar.

Studentarbeid omfattar:

Førelesingar	Førebuing til førelesingar	Øvingar	Gruppearbeid
Kollokviegrupper	Prosjektarbeid	Ekskursjonar	Laboratoriearbeid
Produksjon (film, teater, konsert o.a.)		Feltstudiar	
Praksis/hospitere (i bedrift)		Studieturar	
Studierelaterte kontakttimar (treffetid, rettleiing o.a.)			Individuelt studium
Lesing av læremiddel	Eksamensførebuing		Eksamen

Aktuell lenkje:

<http://link.uib.no/?11WTd> «Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning» (tilsynsforskriften), Kap 4-2 *Plan for studiet*.

Pensum/læremiddel

Ved HF er det stor variasjonsbreidd i fag, undervisningsmetodar og pensum. Fakultetet har følgjeleg ingen fast regel for storleik på pensum i våre fag då dette er ei fagleg vurdering som blir gjort av dei ulike fagmiljøa.

Når ein skal velje pensum til eit emne, tek ein utgangspunkt i læringsutbyteskildringa, undervisningsmetoden og vurderingsforma.

Andre moment i vurderinga av omfang på pensum er emnenivået (bachelor, master, ph.d), vanskegrad (lærestoff på eit framandspråk/særleg kompliserte tekstar/ eventuelt nytt fagområde/nytt stoff), fleire tema i eitt emne og den totale arbeidsmengda på emnet.

Fakultetet rår til at ein konsulterer programsensorrapportane for programmet/faget for eventuelle kommentarar til pensum.

Fakultetet rår òg til at ein undersøker om Nasjonale fagråd har gjort vedtak eller drøfta/uttalt seg om pensum for sine fagmiljø.

Aktuell lenkje: http://www.uhr.no/rad_og_utvalg/nasjonale_fagrad/motereferat

IMH/27.2.12